

# VALPROGRAM SANDE SENTERPARTI 2023 – 2027



Bulyst  
Samferdsle  
Trygge tenester

## GRUNNSYN

*Senterpartiet vil bygge framtida på dei kristne grunnverdiane og eit levande folkestyre. Vi vil skape gode lokale fellesskap av frie og sjølvstendige menneske - der rettferd, tryggleik og likeverd er berande prinsipp.*

## KVA HAR SENTERPARTIET FÅTT TIL DESSE 4 ÅRA?

- ☘ Vi har bidrege til at vi no har fått betre kontroll på kommuneøkonomien, og sommaren 2022 vart vi utmeldt av ROBEK-registeret. Likevel er situasjonen framleis krevjande, og ein må arbeide aktivt for å hindre at vi hamnar i same uføret nok ein gong.
- ☘ Den store utfordringa i siste periode har vore samferdsle. Saman med dei andre gruppene i kommunestyret greidde vi å få på plass seglande reserve-ferje i sambandet Larsnes - Åram - Voksa - Kvamsøya; og vi har arbeidd med praktiske løysingar i den perioden då dei ulike ferjekaiene skal byggast ut til større ferjemateriell. Årvika ferjekai vil bli alternativ stoppestad på Gurskøya - noko som også sikrar at oppstillingsplassen der blir betra for framtida i høve dagens situasjon.
- ☘ Det har kome ny ambulansébåt/samfunnsbåt som er stasjonert på Larsnes. Dette sikrar kort avstand til ambulanseteneste og brannmannskapet ved utrykking, og samfunnsbåten skal også kunne ta signalanløp til Haugsholmen og Storholmen.



- 🌿 Det har vore arbeidd aktivt med både Sande Fastlandssamband og Rovdefjordsambandet i perioden. Sande Fastlandssamband har fått støtte til grunnundersøkingar, medan Rovdefjordsambandet har arbeidd med seglingshøgda i Rovdefjorden – med mål om å redusere utbyggingskostnadane.
- 🌿 Kommunestyret har vedteke ny samfunnsdel til kommuneplanen og ny kommunedelplan for Larsnes. Dette sikrar mellom anna utbygginga av nye omsorgsbustader i tilknytning til Sandetun. Kyrkjebygga våre har dei siste åra vore igjennom ei stor og nødvendig utvendig oppgradering.
- 🌿 Vi fekk tilsett ungdomsarbeidar i kommunen, samtidig med at vi styrka helsestasjonen sitt arbeid i skulane. Vi har også fått på plass både kommunepsykolog og ergoterapeut – og vi greidde også å behalde eit tannhelsetilbod for brukarane på institusjonen og for barn med særskilte behov.
- 🌿 Kommunestyret vedtok eit spenstig økonomisk grep ved å tilby lavare formueskatt hausten 2022. Skatten vart redusert frå 7 til 5 promille i 2023, og skal ytterlegare ned til 2 promille frå 2024. Målet er å bli ei meir attraktiv kommune for folk som ønskjer å investere i lokalt næringsliv – slik at ein på den måten skaper fleire lokale arbeidsplassar og legg til rette for bulyst og tilflytting.
- 🌿 Vi har i perioden teke strategiske grep for å inkludere dei kommunale råda i kommunen på ein betre måte. No har alle råda representasjon frå kommunestyret, og dei får alle aktuelle saker til behandling i forkant av behandling i utval, formannskap og kommunestyre.
- 🌿 Til slutt må vi nemne at vi hadde ein flott dag med kongebesøk i kommunen vår 31. august 2022. Her fekk vi vise fram det beste av kultur og dugnadsinnsats – med born og unge i sentrum. Eit flott program med svært gode tilbakemeldingar. Takk til alle som bidrog!

Senterpartiet er ærlege på at dei fleste av desse tiltaka har hatt brei politisk semje – og vi vil særleg framheve det gode samarbeidet med Arbeidarpartiet og Framstegspartiet denne siste perioden.

## KVA VIL SENTERPARTIET DEI KOMANDE 4 ÅRA?

### Næringsliv

*Sande Senterparti vil:*

- 🌿 vere ein aktiv samarbeidspart for næringslivet
- 🌿 stimulere til gründerverksemnd i kommunen
- 🌿 aktivt bruke formueskatten for å stimulere til ny næringsverksemnd



### Landbruk

*Sande Senterparti vil:*

- 🌿 stimulere til at vi framleis skal ha eit aktivt landbruk
- 🌿 ha eit aktivt landbrukskontor i kommunen
- 🌿 gje etableringsstønad til dei som vil satse på landbruket

### Klima og miljø

*Sande Senterparti vil:*

- 🌿 seie nei til vindkraft både til lands og til havs
- 🌿 seie ja til utnytting av vasskraft og anna fornybar energi
- 🌿 opprette fleire ladestasjonar for el-bilar
- 🌿 forebygge attgroing langs vegane våre

### Samferdsle

*Sande Senterparti vil:*

- 🌿 arbeide for to ferjer i sambandet Larsnes – Åram – Voksa – Kvamsøya også i framtida
- 🌿 oppretthalde og styrke hurtigbåtsambandet til øyane
- 🌿 styrke busstilbodet og arbeide for betre tilknytning til Timesekspressen
- 🌿 arbeide for realisering av Sande Fastlandssamband
- 🌿 arbeide for realisering av Rovdefjordsambandet

## Kommunen

### *Sande Senterparti vil:*

- ☞ arbeide for ein styrka kommuneøkonomi
- ☞ framleis legge til rette for at Eldrerådet, Rådet for personar med nedsett funksjonsevne og Ungdomsrådet har direkte innflytelse på saksgangen i saker dei ønskjer å engasjere seg i
- ☞ arbeide for trygge og gode arbeidsplasser og lavare sjukefråvær
- ☞ styrke vedlikehaldet av kommunale bygg
- ☞ satse på god informasjon og markedsføring av kommuna vår
- ☞ framleis ha eit godt samarbeid med nabo-kommunane; ved interkommunalt samarbeid bør Sande ta på seg vertskommuneansvaret



## Bulyst

### *Sande Senterparti vil:*

- ☞ stimulere til at fleire vil bu i kommunen
- ☞ arbeide med god integrering og skape eit rikare fellesskap
- ☞ tilby tomter for busetting der folk ynskjer å bu
- ☞ gje etableringsstønad til dei som vil etablere seg i Sande

## Kyrkje

### *Sande Senterparti vil:*

- ☞ at kyrkjene skal vere ein god og trygg samlingsplass for alle
- ☞ styrke økonomien til kyrkja
- ☞ sikre løpande vedlikehald av kyrkjene
- ☞ få på plass ordninga med festeavgift og sikre god drift og vedlikehald av gravstadane

## Kultur

### *Sande Senterparti vil:*

- ☞ ha eit godt og variert kulturskuletilbod i heile kommuna
- ☞ styrke samarbeidet mellom frivilligsentralen og biblioteket
- ☞ bruke kulturaktivitetane i markedsføring av kommuna
- ☞ oppmode frivillige lag og organisasjonar om å søke kulturmidlar
- ☞ gjere kulturminna kjent og til ein del av kulturarven vår samt ha fokus på kulturvern

## Oppvekst

### *Sande Senterparti vil:*

- ☞ framleis styrke fagn miljøet i skule og barnehage
- ☞ sikre borna eit godt sosialt og trygt arbeidsmiljø
- ☞ arbeide for symjebasseng, og i påvente av det; styrke symjeopplæringa utandørs



## Ungdomsmiljø

### *Sande Senterparti vil:*

- ☞ sikre ungdomsarbeidarstillinga og legge til rette for ungdomsretta aktivitetar
- ☞ la Ungdomsrådet og ungdomane bli høyrde på ein god måte i saker som er viktig for dei
- ☞ arbeide for ei god og sikker ungdomstid utan rusmiddel
- ☞ arbeide for betre transportløyningar over kommunegrensene ved konsertar og arrangement

## Helseteneste

*Sande Senterparti vil:*

- ☘ arbeide meir aktivt for rekruttering av leger til kommunen
- ☘ fokusere på psykisk helse fra vogge til grav og styrke psykiatritenesta sitt lavterskeltilbod
- ☘ styrke tannhelsetilbodet gjennom å bruke den lokale tannklinikken i større grad



## Pleie og omsorg

*Sande Senterparti vil:*

- ☘ sikre at alle skal få bu heime så lenge det er gjennomførlig
- ☘ tilby tenesta «rett tilbod til rett brukar»
- ☘ legge til rette for bruk av ambulansébåten i heimetenesta
- ☘ styrke tilbodet om etterutdanning som betre møter brukarane sine behov

## SENTERPARTIET SINE KANDIDATAR 2023 - 2027

1	Olav Myklebust	1969	Gursken
2	Liv Sæther Myskja	1963	Haugsholmen
3	Mathias Gjerde	1980	Larsnes
4	Daiva Kirsiene	1969	Gjerdsvika
5	Gudmund Stavik	1960	Voksa
6	Beata Jankovské	1987	Larsnes
7	Geir Inge Myskja	1998	Haugsholmen
8	Linda Dalehamn	1974	Gursken
9	Hans-Petter Hjelle	1989	Larsnes
10	Erik Aurvoll	1977	Gursken
11	Monika Bürger	1981	Larsnes
12	Magnus Hjelle	1984	Larsnes
13	Åshild Nes Myklebust	1946	Gursken
14	Gunn Eli Ulvesæter Sandvik	1946	Larsnes



**GODT VAL!**